

Nedleggelse av Fossveitdammen i Sauda kommune

Saksnummer 202216353

Høringsfrist: 23.03.2026

Saudasjøen, 21.03.2026

Høringsuttale 202216353

Viser til sak om nedlegging av Fosstveitdammen i Sauda kommune. Eg, Arild Fosstveit (eigar av 23/1), er berørt grunneigar og kjem her med min uttale.

Erfaringar siste åra

Etter det vart kjend at kommunen ønskte å fjerna dammen på Fosstveit har det vore mangelfull dialog mellom kommunen og berørte grunneigarar. Dette har vore uheldig for begge partar, etter mitt syn, og kunne vore unngått om ein hadde lytta betre til lokalkunnskap og fagkunnskap hos grunneigarane.

To gardsbruk har eigedom mot dammen, gnr 21/2 langs sørsida og gnr 23/1 langs dammens nordside. Eigarane av desse, Elfinn Birkeland og Arild Fosstveit, var fram til 2023 med på møte om nedlegging av dammen, men dette blei stoppa i 2024 og 2025. Dette sjølv om eigedomane blir sterkt berørt av tiltaka. Begge har nyttig lokalkunnskap som kan bidra konstruktivt i prosjektet, og erfaring frå større vassprosjekt: Elfinn som maskinkøyrar for Brødrene Selvik AS, Arild i leiarrolle for storentreprenør i vasskraftutbygging.

Då me ennå var med på møte i 2023, var me tydelege til kommunen at eikvar regulering av vassnivå i bassenget måtte skje langsamt, slik at poretrykk i massane i bakkant (og med vassmetning) får tid å utliknast mot omgjevningen. Imedan, då tappeluka vart opna fullt opp ved bassengtøminga 12. mai 2025, tok det berre 3 timar å tømme frå fullt til tomt basseng. Dette medførte ei rekke skredgroper frå jordmassar i bakkant langsetter begge sider av bassenget. Avløpsvatnet ut frå luka vart farga brunt av jord og finpartiklar. Elva nedstraums mot fjorden fekk botndekke av nemnde substans, samt at fjorden vart brunfarga frå elveosen og inn mot Saunes. Sjå elles vedlagte foto.

Oppfølgingstiltak med skredgroperne, samt mengde vekstjord som gjekk tapt blir såleis viktig å fastsetja.

Me ber om at me igjen blir inviterte til møta.

Innspeil til vidare prosess

Det er mykje i planen frå Sweco eg er samd i, som å leggja til rette for gyting og overvintring for aure. At det synes å vere god plan for massebalanse i bassenget er bra. Men eg saknar at eg som grunneigar ikkje blei kontakta av Sweco/kommunen før planen vart gjort ferdig. Eg har såleis nokre merknader til planen.

1. Plan for flaummengd

Saknar ei grundigare plan for maksimal framtidig flaummengde, fastsatt i kbm/sek.


Opprinneleg elv i dammen må sikrast med forbygning til å kunne ta unna for framtidige storflaumar, og for dette trengst teikningar til utforming av forbygginga. Det vil vera rasjonelt å utføra forbygginga medan maskinelt utstyr framleis er til stades.

2. Handtering av overvatn med utløp i dammen

Flaumvatn i vegggrøft frå oppetter Fosstveitvegen, som nå blir leia mot dammen, må førast i lukka grøft mot elva, evt. leiast til bekken austanfor Fosstveitvegen.

3. Tilbakeføring av areal

Kommunen er – etter leigeavtalen – forplikta til å tilbakeføra området ved avslutting av leigeavtalen og fjerning av dammen. Før oppdemming var området jordbruksareal (grasproduksjon) på begge sider av elva. Arealet blei målt opp nøyaktig, og kartet bør leggjast til grunn for tilbakeføringa.



Opprinnelege jordmasser inni bassenget må ordnast på ein slik måte at ho igjen blir grei for eng- og åkerbruk. Det må supplerast med tilkøyrd jord der det manglar.

4. Tilbakeføring av elv

Elva er vist i oppmålingskartet, og det er dette kartet som viser best korleis elva har vore og skal førast tilbake til. Eldre foto bekreftar at kartet stemmer.

Senterlinje i elva er også eigedomsgrense, så det er såleis også viktig at elva går i same leie som før utbygging og oppdemming.

Elles er det viktig å retta opp endringar som skjedde i samband med utbygginga, Før dammen vart bygd, var det fjell som bremsa elva før ho kom til fossen. Denne fjellformasjonen blei sprengd for etablering av betongdam. Dersom dammen vert fjerna, bør det byggast ein terskel som gjer at elva flyt på opprinneleg kote som før etablering av dam. Dersom så ikkje skjer, vill elva få større hastighet. Det kan medføre at elva grev inn i terrenget på ein uheldig måte. Før dammen vart etablert, hadde elva flomsikring i form av mur. Sjå foto. Kraftig mur må etablerast på nytt oppstrøms til kote 56.



5. Omsyn til natur og miljø

Sweco skriv at det er "ikke registrert vade- og andefugler ved Fosstveitdammen". Artsdatabanken gir eit svært tilfeldig bilete av artsmangfaldet då det er få i Sauda som rapporterer inn. Det hadde vore enkelt for Sweco å kontakta folk i nærområdet og få konstatert at det årleg hekkar ender her, at ein fast bestand av låvesvale og flaggermus bruker dammen til jakt på insekter, at hegre ofte blir observert, og at svaner òg har blitt observert. Det alvorlegaste her er kanskje at habitatet kan bli uleveleg for både svale og flaggermus dersom dei gjenverande vasspeglane blir for små og insektsproduksjonen for liten. Difor burde vurderinga av terrestrisk effekt justerast frå "ubetydelig" til "negativ", og ein bør i samråd med biolog sjå på tiltak som ivarek desse bestandane.

Vedlegg

Bilete tatt 12.-14. mai 2025 etter nedtapping.











